



## Installasjon av Nyno<sup>®</sup> 3.3x i nettverk

### Generelt

Nyno<sup>®</sup> 3.3x krev Windows 7 eller seinare versjonar på klientane og Windows server 2012 eller seinare. Kontakt oss for spørsmål om andre operativsystem.

### Lisensiering og kontroll

I nettverk blir Nyno lisensiert og kontrollert for kvar brukar av programmet. Med nettverksversjonen følgjer det ei spesiell lisensfil som inneheld nødvendig informasjon om nettverk og brukartal. Lisensfila blir laga etter kontakt mellom leverandør og kunde.

Nyno kan køyrast av så mange ulike brukarar (domenebrukarar/profilar) som ein har lisensar for.

### Installasjon, steg for steg

1. Installasjon av programfiler.
2. Leggje inn lisensfil.
3. Innstillingar for brukarlista.
4. Gjere Nyno tilgjengeleg for brukarane (distribusjon, snarvegar, eventuell Word-kopling).

**Merk!** Denne prosessen gjeld ikkje oppgradering frå eldre versjonar av Nyno. Sjå særskilt ark for informasjon om dette, eller "Oppgradering nettverk" i Info-mappa i Nyno-pakken.

#### 1. Installasjon av programfiler

Programfilene til Nyno kan leggjast inn på ei sentral plassering (filtenar eller tykklienttenar),

Logg inn på server og start programmet "setup.exe". Standardnamnet på mappa der Nyno skal liggje, er sett til "C:\Programfiler\Nyno". Dette må du endre.

**NB!** Ikkje start Nyno før lisensfila er lagt inn (neste punkt), for å unngå at programmet startar i einbrukarmodus, som er standardinnstilling for installasjonen.

#### 2. Lisensiering

Nyno bruker ei lisensfil for å sikre gyldig lisens, 'lisens.dat'. Denne vert sendt med e-post frå Nynodata og inneheld informasjon som identifiserer nettverket Nyno skal brukast på. Ta kontakt med Nynodata for å få generert lisensfila. Dersom de seinare utvidar med fleire lisensar, vil de få ny lisensfil.

**NB!** Programmet må vere ferdig lisensiert på server før du kan installere klientar.

#### 3. Innstillingar for brukarlista

Dette steget er ikkje aktuelt for dei som har spesielle fribruksavtalar med Nynodata, det vil seie avtalar der alle tilsette har bruksrett til Nyno.

Nyno kontrollerer om ein brukar har lov til å køyre programmet. Alle brukarane vert lagra i fila "bruknamn.lst". Denne fila må liggje på ei sentral plassering i nettverket, slik at det berre er ein versjon av ho totalt i organisasjonen. Standardplassering etter installasjon er Nyno-mappa.

Du kan vedlikehalde brukarlista gjennom programmet ”nynadmin.exe”, som blir installert på programmappa til Nyno. Her kan du også fjerne brukarar frå lista, slik at du kan bruke ein lisens på nytt for ein annan brukar.

Nye brukarar kan bli registrert manuelt eller automatisk.

**Manuell registrering:** Brukaren får opp ein boks med eit brukarnamn og ein identifikasjonskode, som så må tastast inn av administrator med programmet ”nynadmin”.

**Automatisk registrering:** Brukarnamn med identifikasjonskode blir registrert automatisk i brukarlista når ein ny brukar startar programmet.

**Merk!** Automatisk registrering krev at brukarlista ligg på ei mappe med skriveitilgang og at du endrar relevante innstillingar på fila ”lisens.ini”. Dette gjeld nøklane LEGG\_TIL\_AUTOMATISK og PLASSERING.

#### 4. Gjere Nyno tilgjengeleg for brukarane

For å gjere Nyno tilgjengeleg for brukarane, bør du opprette snarvegjar til ”nyno.exe” i dei aktuelle profilane eller i den sentrale profilen.

Ein kan også installere kopling mot Microsoft Word. Ein vil da få to knappar for Nyno på verktøylinja i Word. Sjå meir om installasjon mot Word under.

## Annan informasjon

### Brukarinnstillingar

Nyno lagrar brukarinnstillingar i profilen til brukaren. Denne profilen blir oppretta første gong ein brukar tar Nyno i bruk, om den ikkje finst frå før (for full kontroll kan ein kopiere denne ut manuelt til kvar brukar). Under Windows XP vil innstillingar for Nyno vanlegvis kome i mappa ”C:\Documents and Settings\ (BRUKAR) \Programdata\Nyno”.

Som standard inneheld brukarprofilen for Nyno følgjande informasjon:

- Programbruksinnstillingane (aktiv språkmal, programflyt) ligg i fila ”nyno31.ini”.
- Mappa ”Oppsett” inneheld språkmalane, som styrer stilen på språket. Dersom mappa har skriveitilgang, kan brukarane sjølv endre språkmalane, elles ikkje.
- Ord som ikkje ligg i ordlista til Nyno vert lagra i ”finsikke.lst”. Denne fila må ha skriveitilgang.
- Ord som blir lagt til ordlista gjennom programmet ”ordliste.exe”, blir lagra i fila ”tillegg.bas”.

### Sentral definisjon av brukarprofil

Standardinnstillingar for nye brukarar er definert på fila ”profile.ini”. Denne fila kan endrast etter behov. Alle filstiane er relative til klienten som Nyno vart køyrd på (altså klient-PCen eller ein tynnklienttenar). UNC-namn (”\\vert\ressurs\mappe”) er tillate, det same er enkelte variablar som *\$CSIDL\_APPDATA\$* for programdata-mappa til brukaren, *\$CSIDL\_PERSONAL\$* for ”Mine dokumenter”, og *\$PROGPATH\$* for plasseringa til Nyno.

Eksempel på aktuelle endringar:

Sentral plassering på fila ”finsikke.lst” fører til at alle ukjende ord vert rapportert til ein sentral språkadministrator, som så kan leggje til orda i ei sentral tilleggsordliste ”tillegg.bas”. Sentral plassering av mappa ”Oppsett” gir høve til sentral styring av språkleg stil i organisasjonen.

**NB!** Når ”profile.ini” blir endra, vil den automatisk bli kopiert ut til brukarane neste gong dei startar Nyno, slik at endringane blir aktive lokalt.

## Installasjon for Word

Det ligg ein dokumentmal for ulike versjonar av Microsoft Word frå Word2003 og seinare versjonar i mappa \Word. Filnamn: "Nyno.dot" eller Nyno\_2016.dotm. Malen må installerast i Word.

For å installere Word-koplinga for alle brukarar: Lag mappa ".\Programfiler\Microsoft Office\OFFICE11\STARTUP" (eller tilsvarande for din plassering og versjon av Microsoft Office), og kopier dokumentmalen for rett Word-versjon dit.

I nyare versjonar av Office kan ein også installere Nyno-koplinga for einskildbrukarar i staden. Ein må da kopiere dokumentmalen til malsamlinga under brukarkontoen.

Dokumentmalane er signerte, og første gong ein brukar startar Word etter at malen er kopiert inn, får han spørsmål om han vil stole på Nynodata AS som utgivar av makroar. Dette må tillatast om Nyno skal fungere frå Word. Alternativt kan systemansvarleg kopiere malen inn på mappe for godkjende malar.

**NB!** Koplinga til Word er avhengig av at brukarprofilen for Nyno er installert hos den aktuelle brukaren. Dette skjer automatisk når han Nyno startar første gong på vanleg måte (utan Word).

Dersom ein startar frå Word før brukarprofilen er på plass, kjem det ei feilmelding.

***Nynodata AS***, Gullbringvegen 10, 3800 Bø i Telemark.

*tlf + 47 - 35 95 01 50*

*Internett: <https://www.nynodata.site>*

*E-post: [support@nynodata.no](mailto:support@nynodata.no)*

*Nyno<sup>®</sup> er registrert varemerke for Nynodata AS*